

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

### Møtereferat

**Møte:** Møte nr. 1-2017 i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

**Dato:** 17. mars 2017

**Stad:** Høgskulen i Volda, Berte Kanutte-huset rom 157

**Møtetid:** kl. 10.00-14.00

#### Til stades:

*Frå Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde:*

Hareid kommune ved fagkonsulent Unni Bergdal

Herøy kommune ved kommuneoverlege Torill Myklebust

Sande kommune ved leiar Sandetun Wenche Torseth

Ulstein kommune ved fagkoordinator psyk. helse og rus Silje Kleven Eriksen

Vanylven kommune ved kommunalsjef Arnhild Nordaune

Volda kommune ved einingsleiar heimetenester Astrid Dimmen

Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy

HMR – Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust

HMR – Volda sjukehus ved avdelingssjef medisinsk avdeling Mona Ryste

HMR – Volda sjukehus ved klinikkssjef kirurgisk klinikk og stadleg koordinator Knut Nautvik

Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

*Andre:*

Kreftkoordinator/prosjektleiar i Ulstein kommune Anett Skorpen Tarberg

#### Forfall:

Kommunalsjef i Hareid kommune Berit Aasen

#### Møteleiar:

Leiar i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

**Referent:** Sunnmøre Regionråd ved rådgivar Vegard Austnes

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

**Sak 1/2017: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.** Ved leiar av Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Mona Ryste ønskte velkommen til møtet. Innkallinga vart godkjent. Sak 6 om stadleg leiging vart flytta fram i møtet til etter sak 3 då Knut Nautvik måtte gå kl. 12.00.

Det var ei sak til eventuelt meldt inn av Ørsta kommune. Saka gjeld ansvar for pasientar med omfattande hjelp frå psykiatritenestene (som til dømes treng overvaking av sondeernæring). Vidare var det to saker til eventuelt ved Mona Ryste, den første rapport om utskrivingsklare pasientar (statistikken t.o.m. november 2016) og den andre informasjon om fagdag om legemiddel 20.-21. april 2017.

**Sak 2/2017: Godkjenning av referat frå forrige møte (2-2016, 7.oktober 2016).** Ved leiar av Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Referatet frå forrige møte vart godkjent.

Det var ein merknad til sak 19/2016 Eventuelt på forrige møte. Gausdal frå Brukarutvalet bad der om at ein på neste møte fekk ein presentasjon av den nye rettleiaren om rehabilitering, habilitering m.m. Då det dessverre ikkje lukkast å skaffe nokon til å presentere rettleiaren på dette møtet, vart saka utsett til neste møte 29. september 2017.

**Sak 3/2017: Orientering om arbeidet med innføring av palliativ plan som verktøy.**

Anett Skorpen Tarberg, kreftkoordinator/prosjektleder i Ulstein kommune og praksiskonsulent Stian Endresen.

Presentasjonen følgjer vedlagt. Med samhandlingsreforma er oppgåvefordelinga endra. Palliasjon er eit tilbod til alle som treng lindring, ikkje berre pasientar med kreft. Det er viktig å kome inn med palliasjon tidleg i pasientforløpet.

I 2015 vart det etablert ei ressursgruppe for innføring av palliativ plan i Møre og Romsdal. Handlingsplan vart vedteke i overordna samhandlingsutval 22. november 2016. Planen skal innførast i alle kommunane i Møre og Romsdal og i alle avdelingar i HMR.

Målet er best mogleg livskvalitet for pasientar og pårørande. Tiltaka er felles mal for palliativ plan (elektronisk samhandling), informasjon og marknadsføring, kompetansehevande tiltak og kartlegging og evaluering.

Palliativ plan er eit verktøy for å kvalitetssikre palliative tiltak for pasientar med uheldredeg sjukdom. Planen vert utarbeidd gjennom dialog og førebunde samtalar mellom fastlege eller tilsynslege i samarbeid med sjukepleiar, pasient og pårørande.

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sjukepleiar er sekretær og fastlege godkjenner planen. Oppsummert skal planen vere i forkant, vere oppdatert ved behov og vere ein plan over fleire år.

Innhaldet i planen er det same som i ein førebuande samtale. Ein ser på livshistorie, ressursar og meistring. Ein vil vere i forkant og ikkje på etterskot, t.d. slik at personalet ikkje treng å kontakte legevakt for å endre dosering. Planen skal trygge pasienten og pårørande.

Palliativ plan er prosessarbeid og dannar grunnlag for god omsorg ved livet sin slutt. Informasjon om arbeidet finn ein på <https://helse-mr.no/fag-og-forskning/samhandling>.

Utvalet berømma planen og takka for ein flott presentasjon. Gausdal sa at han ønskte å få planen presentert for brukarutvalet.

### **Sak 4/2017: Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuka pasient.** Ved Mona Ryste

Presentasjon følgjer vedlagt. Forløpet skal prøvast ut i 36 kommunar og alle avdelingar i HMR. Det er laga ei implementeringsgruppe. 21. mars er det oppstartseminar i Ørsta.

Eldre over 80 år er i pasientforløpet. Det er laga 3 sjekklister. Ei for sjukehus, ei for institusjonar i kommunane og ei for heimebasert. Det er ei utfordring at ein ikkje har verktøy til å løyse det elektronisk før helseplattforma kjem i 2022.

Det er fokusert felles innsats på etablering av team og involvering av fastlegar, reinnlegging/utskrivingsklare pasientar, bruk av øyeblikkeleg hjelp plassar, tidleg mobilisering og rehabilitering, fallførebygging, kognitiv funksjon, god ernæring, samstemte medikamentlister og felles kompetansebygging. Læringsnettverk er metode.

Gausdal frå brukarutvalet tok opp at ein ikkje må leggje inn pasientar og skrive ut pasientar for tidleg i sjukehus. Det vart drøfta i utvalet at helseføretaket ikkje må love vekk tenester på vegne av kommunane.

### **Sak 5/2017: Møteplan 2017**

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Jf. delavtale 12 til samhandlingsavtalen skal det minimum vere 2 møter per år. Neste møte vert 29. september 2017 kl. 10.00-14.00. Ein vurderer på neste møte om ein skal ta eit møte til i år.

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

**Sak 6/2017: Prosjekt stadleg leiing ved Volda sjukehus.** Innlegg ved klinikkssjef kirurgisk klinikk og stadleg koordinator ved Volda sjukehus Knut Nautvik

Presentasjonen følgjer vedlagt. Helse Møre og Romsdal gjennomførte ei organisasjonsevaluering hausten 2015 med utgangspunkt i ambisjonane og målsettingane for organisasjonsmodellen som vart sett ved fusjonen mellom Helse Sunnmøre og Helse Nordmøre og Romsdal i 2011.

Evalueringa viste at helseføretaket har utfordringar knytt til organisasjonsstruktur, leiing og handtering av stadlege leiarutfordringar.

Administrerande direktør vedtok på denne bakgrunn å setje i gang eit organisasjonsutviklingsprosjekt (OU-prosjekt) i helseføretaket.

Prosesen med å utarbeide ei løysing for stadleg leiing innanfor ein tverrgående organisasjonsstruktur er ein del av det større organisasjonsutviklingsarbeidet.

Pilotprosjektet i Volda vert gjennomført i første halvdel av 2017. Koordinatorrolla er å utøve leiing utan å vere leiar sjølv. Koordinatoren har ikkje budsjett eller tilsette.

Koordinator fasiliterar møter på sjukehuset der saker vert drøfta. Stadleg leiing skal mellom anna bidra til god pasientflyt på sjukehuset. Kommunane kan ta kontakt med koordinatoren når ein ikkje veit kven ein skal kontakte ved sjukehuset.

Mona Ryste takka for eit godt innlegg og utvalet tok orienteringa til vitande. Ryste kom med forslag om å ta opp samhandling mellom Volda sjukehus og Sjustjerna på neste møte i september.

**Sak 7/2017: Felles fagdagar i geriatri i januar 2017 og planlegging av nye fagdagar i januar 2018.** Ved praksiskonsulent Stian Endresen

Presentasjon følgjer vedlagt. Vidareføring av geriatriprosjektet er tema på fagdagane. Ein kurskomite må på plass, og ein må få tak i 3. linje førelesarar. Mona Ryste bad om at koordinator Sjustjerna helse og omsorg Gro Anett Frøystad Voldsund følgjer opp saka. Fagdagane vert vidareført slik dei har vore tidlegare.

**Sak 8/2017: Planlegging av felles fagdag for BUP på Søre Sunnmøre hausten 2017.** Ved praksiskonsulent Stian Endresen

Presentasjon følgjer vedlagt. Dette var tema på forrige møte. Temaet vert autisme. Tidspunktet vert i november 2017. Samhandling kring barn og unge står elles for tur som nytt samarbeidsområde i Sjustjerna. Gausdal frå brukarutvalet spela inn at det kan vere krevjande å klare overgangen frå born til vaksen, 18-års dagen der ein skal stå til

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

ansvar for eige liv.

### **Sak 9/2017: Avtalespesialistar på Søre Sunnmøre. Korleis sikrar vi at dette er med å styrke helsetilbodet til befolkninga på Søre?** Ved praksiskonsulent Stian Endresen

Helse Midt har ein regional handlingsplan for avtalespesialistar. Endresen meinte at ein bør ta ei aktiv og positiv haldning og seie at dette er noko ein ønskjer i Helse Møre og Romsdal. Å ha avtalespesialistar handlar om ei desentralisert spesialisthelseteneste, eit likeverdig helsetilbod og spart reiseveg og reiseutgifter.

I tillegg møter ein same spesialist kvar gong, og dei er tilgjengelege for ad hoc rådgjeving. Avtalespesialistane tek unna pasientkøer, og kan komplementere tilbodet på søre Sunnmøre.

Utvalet var samde om at småfaga burde vere eit satsingsområde i høve til avtalespesialistar (slik som t.d. øre, nese hals), men at dei i store fagområde som t.d. lunge kan by på store utfordringar dersom det ikkje vert lungelegar att på sjukehusa til å behandle dei tyngste og mest behandlingskrevjande pasientane.

Knut Nautvik vil ta kontakt med fagdirektør i HMR HF om eit møte på Volda sjukehus.

### **Sak 10/2017: Eventuelt**

Det var ei sak til eventuelt. Saka var meldt av Ørsta kommune. Saka gjeld ansvar for pasientar med omfattande hjelp frå psykiatritenestene, t.d. som treng overvaking av sondeernæring. Ein ønskjer å sikre samarbeidet om pasientane mellom avdelingar i helseføretaket, fastlegar, kommunal psykiatriteneste, heimebasert omsorg og korttidsavdeling. Vidare ønskjer ein at dei som har ansvar i kommunen får høve til å organisere dei kommunale tenestene og vere med å ta stilling til kva tilbod ein skal gje. Endeleg ønskjer ein å sikre naudsynt opplæring av aktuelle hjelparar.

Det vart sagt i utvalet at utskrivingsrutinene frå somatikken er betre enn innan psykiatrien. Vidare vart det sagt at det er for dårlig samhandling mellom somatikk og psykiatri. Det kom forslag om å nytte kommunale ø-hjelpsplassar, ha fagdagar om personar med somatiske og psykiske lidningar og etablere ansvarsgrupper rundt denne gruppa brukarar.

Det vart drøfta korleis ein kan forankre det somatiske arbeidet kring DPS sengepost Volda sjukehus.. Ein ønskjer betre emeldingsbruk i døgnseksjonen ved DPS, eventuelt også ambulant.

Konklusjonen vart at ein tek opp temaet somatiske helseplager hos personar med psykiske helseplager på møte mellom kommunalleiarane og DPS.

## Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Mona Ryste orienterte om statistikk for utskrivingsklare pasientar t.o.m. november 2016 og gav ros til kommunane. Volda sjukehus har berre 377 liggedøgn for utskrivingsklare pasientar.

Korttidsplassar i kommunen, kvardagsrehabilitering/rehabilitering i heimen og kompetanseheving er noko av det Sjustjerna helse og omsorg har satsa på.

Mona Ryste orienterte om fagdag om legemiddel «Ikkje for få og ikkje for mange» torsdag 20. og fredag 21. april 2017.